

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 12.09.2019  
**SAKSHANDSAMAR:** Anya Therese Markhus  
**SAKA GJELD:** **Revidert rettleiar for styrearbeid i helseføretak**

**ARKIVSAK:** 2019/3580  
**STYRESAK:** **075/2019**

**STYREMØTE:** **26.09.2019**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek revidert rettleiar for styrearbeid i helseføretak til etterretning.

## Oppsummering

Styret i Helse Vest RHF godkjente revidert rettleiar for styrearbeid i sitt styremøte 05.09.2019, styresak 087/19. Tidlegare gjeldande rettleiar blei utarbeidd i 2011 og har ikkje blitt revidert før no. Helse- og omsorgsdepartementet har i mellomtida revidert sin rettleiar for styrearbeid i regionale helseføretak.

## Fakta

Revidert rettleiar, som er gitt tittelen «Rettleiar for styrearbeid i helseføretak», byggjer på den reviderte rettleiaren frå Helse- og omsorgsdepartementet, men innhaldet er tilpassa styrearbeid i helseføretaka. Rettleiaren gir ei kort orientering om styrearbeid i helseføretak, og er meint å bidra til rolleforståing og rolleutøvinga til styra. Rettleiaren samanfattar gjeldande rettsreglar og gitte styringskrav, og inneheld ein omtale av styrearbeid som er av meir rettleiande karakter.

## Kommentarar

Den reviderte rettleiaren er lagt tett opp til innhaldet i rettleiaren utarbeida av departementet. Samstundes er det tatt omsyn til at rettleiaren gjeld styrearbeid i helseføretak. Vidare er det innarbeidd noko meir innhald knytt til eigen oppgåvene til styret i kapittel 4.4, mellom anna når det gjeld bruken av styreseminar som møteform.

### Vedlegg

- 1 Revidert rettleiar for styrearbeid i helseføretak